

BAKKANE

Stølen ligg 437 moh. Selet som det er murar etter, var bygt i 1898. Materialane kom frå Stavanger og vart frakta opp på løypestreng. Aud Haukanes fortel at oldemor hennar, Elisabet Håvardsdotter, fødd Folkedal gjekk opp om kvelden og mjølka, og låg over og fekk mjølka att om morgonen, før ho for heim og stelte til frukost for dei heime. Elisabet Håvardsdotter Haukanes levde i åra 1834 til 1912.

Både under og like etter krigen vart det drive med vedhogst i området kring Bakkane. Arbeidarane budde i selet, 14 køyesenger langs veggane vitna om det. Slike ved-drifter var det fleire stader i bygda i dei åra, som på Verkadalen og Jonæ, (over Joberget.)

Marta Haukanes Krempig var med faster si, Elisabet Haukanes, å støla i tre somrar frå 1949 til 1951. Dei sende mjølka ned på løypestreng. 1951 var siste sommaren med støling.

Det vart drive med slått t.o.m. sommaren 1954. Høyet vart sendt ned på løypestreng. Ei høyløe er det murar etter nedst på treet. Taket på selet vart reparert og lagt nytt ved dugnad i 1974. Men to år seinare etter ein vinterstorm, og med store snøtunge graner i bakkant, vart taket knust.

Hedler: Dette var fjellstølen til Haukanes og ligg 620 m.o.h. eit stykke sørvest for Bakkane. Her er fine hellerar som er gode for dyr å søkja ly under. Om lag år 1920 brann selet ned og vart ikkje bygd opp att. Aud Haukanes bygde seg ei hytte i 2003 rett ovanfor tuftene.

GOD TUR!

Granvin turlag

Kjelde: «*Stølane i Granvin*» av Torbjørn Seim og Aud Haukanes, lokalkjend».